# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2016 48. årg.





Julevandring

side 6



Kulturarbeidaren

side 8



Ei lang livsreise...

side 9



Julefellesskap i kyrkja

side 13

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Undheim sokneråd:
Steinar Sandvik tlf. 400 07 909
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77
Konst. kyrkjeverge: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (Sjukmeldt)

**Time**
Soknepræst: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Klokkar:
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærar Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ungd.arbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422
Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland (permisjon til 31.07.17)
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809
Leiar i søndagsskulen: Anne Gunn Vassbø

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Sokneprest: Johannes Nedrelid tlf. 926 55 645
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Barne- og familiepastor: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.sokneradd@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.sokneradd@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.sokneradd@time-kyrkja.no


# Nådens fellesskap

***«...Når jeg nå skriver min åttende advents- og julehilsen til menighetene i Stavanger bispedømme, blir det samtidig min avskjedshilsen etter en rik og spennende periode.»***



*Erling J. Pettersen*

Og jeg kommer til å avslutte tjenesten med samme ønske som jeg startet med i min første preken i Stavanger domkirke, der jeg også feirer siste gudstjeneste den 4. desember: «*Gud skaper nådens fellesskap*». Han vil at vi skal leve med ansiktene vendt mot hverandre – åpne, lyttende, med rom for undring og tvil, men også med ønske om å være kirke for alle som trenger et sted å høre til: et sted der nåden praktiseres.

Jeg har møtt frivillige og ansatte som arbeider for at våre menigheter skal være nådens fellesskap. De ønsker å ta på alvor det som visjonsdokumentet for Den norske kirke har som overskrift: «Mer himmel på jord». De første ordene i visjonsdokumetet lyder: «Kirken vitner i ord og gjerning om frelse, frihet og håp i Jesus Kristus». *Det er mitt program som biskop: Å vitne i ord og gjerning om frelse, frihet og håp i Jesus Kristus.*

Jeg satt i komitéen i Kirkemøtet som formulerte disse ordene i 2014, men jeg skulle gjerne hatt med meg i den komitéen konfirmanten fra Hinna menighet som svarte dette på spørsmålet «hva er kirken for meg?»

«Kirken er en plass hvor du kan være fri, tenke og reflektere over Gud, nyte livet, være stolt over at du er en del av menigheten og at du blir sett.»
Det er som om konfirmanten kjenner grunnfortellingen om Gud i Bibelens første bok, der slavekvinnen Hagar setter dette navnet på Gud: «*Du er en Gud som ser meg. For hun sa: Har jeg her virkelig sett ham som ser meg?*» (1. Mosebok 16,13)

Disse ordene fra Bibelens første bok er min julehilsen og avskjedshilsen. Julens budskap er dette enkle: Gud ser meg med nådens og kjærlighetens blikk, det blikket vi møter hver gang velsignelsens ord lyder: «Herren la sitt ansikt lyse over deg og være deg nådig, Herren løfte sitt åsyn mot deg og gi deg fred». Gud fikk ansikt da Jesus kom til verden slik at frelse, frihet og håp skulle bli mer enn ord.

Kjære alle i Stavanger bispedømme: fortsett arbeidet med å fortelle i ord og handling - om nådens blikk.

**Velsignet adventstid! Og takk for nådens fellesskap i den tiden jeg har fått dele med dere.**

*Erling J. Pettersen*
*Stavanger biskop*

# Min Salme

***...”Kva det var med den salmen som beit seg så fast, har eg mange gonger tenkt på.”***



*Astri Haaland*

## Det hev ei rosa sprunge

*Det hev ei rosa sprunge*
*Ut av ei rot so grann,*
*Som federne hev sunge,*
*Av Jesse rot ho rann,*
*Og var ein blome blid*
*Midt i den kalde vinter*
*Ved myrke midnattstid.*

*Um denne rosa eine*
*Er sagt Jesajas ord.*
*Maria møy, den reine,*
*Bar rosa til vaar jord.*
*Og herrens miskunnsmakt*
*Det store under gjorde*
*Som var i spådom sagt.*

*Guds rosa ljuvleg angar*
*Og skin i jordlivs natt.*
*Når hennar ljos oss fangar,*
*Ho vert vår beste skatt.*
*Me syng i englelag:*
*No er det født ein Frelsar,*
*Og natti vart til dag.*

*Norsk tekst: Peter Hognestad, 1919*
*Melodi: William Henry Monk 1861*
*Opphaveleg tysk 15-talet:*
*“Es ist ein Ros entsprungen”*

**Eg er fødd på Jæren, der far er frå. Då eg var fem år, flytta me til Vestlandet, der mor kom frå, ca tre mil nord for Bergen, til ei lita øy som heiter Bognøy. Den høyrde då til Herdla kommune, men ved kommunereformen i sekstiåra vart kommunegrensa flytta frå den eine sida av øya til den andre, og Bognøy høyrer nå til Radøy kommune.**

På skulen hadde me nynorsk og kyrkja bruka nynorsk salmebok. Derfor lærte me dei aller fleste salmar og songar på nynorsk, det er kanskje noko av grunnen til at eg er glad i nynorske salmar og songar.

Eg hugsar enno då bror min, som er eit år eldre enn meg, kom heim frå skulen og hadde lært «Det hev ei rose sprunge». Kva det var med den salmen som beit seg så fast, har eg mange gonger tenkt på. Var det underet at ei rose kunne blomstra «midt i den kalde vinter ved mørke midnattstid», noko som eg visste at roser ikkje gjorde. Det hadde eg sett i hagen. Rosetrea sto med nakne kvister på den tida. Eg fekk og læra salmen på skulen. Kvart år før jul øvde me på julesongane. Me hadde ein julefest for elevane der me gjekk rundt juletreet og song, nesten heilt utanåt, medan læraren spela på trøorgelet, eg trur at denne salmen var ein av dei me song dei fleste gongene.

Seinare har eg skjøna at rosa er eit bilete på det som hende i Betlehem.
Den salmen er ein av dei finaste eg veit. At det er jærbuen Peter Hognestad som har omsettt den til norsk, er ekstra gildt.

Eg helsar til alle og ynskjer god jul.

*Astri Haaland*




Gi til NMS – få skattefradrag!
Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?
Kontonr: 1503.02.13537
Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.
www.normisjon.no


*Foto framside: ”Julevandring i Time kyrkje”, tatt 8. desember 2015 av Knut Aalgaard*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.

Layout: Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 19. januar.

Neste nr. kjem ut ca. 9. februar 2017.

# Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filipparane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

*I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bøna er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem neste del.*

**Tredje bøna:**
**«Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.»**

***Kva tyder det?***
**- Guds gode vilje råder utan vår bøn, men vi ber i denne bøna at han må råda hjå oss òg.**
***Korleis kan det skje?***
**- Det skjer når Gud bryt alle vonde planar og all vond vilje hjå djevelen, verda og oss sjølve, alt som vil hindra at Guds namn vert helga og at Guds rike kjem. Og det skjer når Gud styrkjer oss med ordet sitt og held oss fast i trua til vår siste stund. Det er hans nådige vilje. (Norsk salmebok 2013, s1283)2013, s1282)**

### Når Gud bryt all vond vilje

Det vonde er ikkje berre noko som angrip oss frå utsida. Det vonde er òg i oss sjølve , og hindrar at Guds namn blir helga og at Guds rike kjem. I syndvedkjenninga seier me : «sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.» Paulus snakkar om at synda bur i oss og står imot Guds vilje. «For eg veit at i meg bur det ikkje noko godt, det vil seia i mitt kjøt. Viljen har eg, men å fullføra det gode maktar eg ikkje. Det gode som eg vil, det gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg.» Rom.7,18-19
Når me ber: Lat viljen din råda, ber me om å få sjå det i våre liv som står imot Gud og hans vilje. Og me ber at Anden må gje oss kraft og vilje til å seia nei til dette vonde. Det er ordet (bibelen) som lærer oss kva som er Guds vilje, når Anden kjem til og forklarar ordet for oss. Nokre gonger opplever me at ordet er tydeleg. Dei fleste er samde i bodet: Du skal ikkje slå i hel. Men sjølv dette bodet viser seg vanskeleg. Kva med krig? Kva med dødsstraff? Kva med abort? Kva er eigentleg å slå i hel? Det er Anden som overtyder eit menneske om synd. Det er Anden som vekker oss til kamp mot det vonde. Og ved Guds nåde er det Anden som let oss vinna siger i kampen.

«Far, er det råd, så lat dette begeret gå meg forbi! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» Matt.26,39. Det er Jesus som ber i Getsemanehagen. Det står om å velja lidinga som Guds vilje for Jesus. Ingen av oss er Jesus. Men òg me kan koma til å stå overfor valet om å tola noko vondt fordi det tener Guds vilje. Å be Guds vilje inn i våre liv, kan føra til at du må seia nei til noko du liker. Å be Guds vilje inn i våre liv kan bety å blir møtt av vondt frå menneske. Den som elskar sin fiende, som velsignar den som forbannar ein sjølv og gjer godt mot dei som gjer ein sjølv vondt, vert sjeldan takka for det.

### Når Gud held oss fast i trua

Opptatt med at Guds vilje skal skje i våre liv, er det lett å tenka at frelsa er løn for strev eller lydnad. I bøna me brukar i fastetida ber me:
«Vi takkar deg, du Heilage Ande, fordi du har gjeve oss den trua i hjarto våre at Jesus Kristus er vår einaste berging og frelse. Gud, gjev oss din nåde, så vi fullt og fast kan tru at alle våre synder er tilgjevne for Jesu Kristi liding og død skuld.» Det er kva Gud vil.
Far, lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

*Gunnar Frøyland*




***Herrens bøn (Fadervår).*** *Bøna er retta mot første personen i Gud, Faderen*

### Herrens bøn - "Vår far"

Vår Far i himmelen!
**Lat namnet ditt helgast.**
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

# Julevandring i Time-kyrkja




*Barnehagebarn frå Vestly idrettsbarnehage på julevandring i Time kyrkje desember 2015*

**Fakta:**
**Alle barnehagane i Time får tilbod om julevandring**
**Desember 2015 var det 17. året med julevandringar**

**Over 6700 born og vaksne har vore med i løpet av desse 17 åra! (5300 born og 1400 vaksne)**

**Kateket Ingfrid Time Nærland starta opp dette arbeidet – og har saman med gode hjelparar halde det i gang**




*"Keiser Augustus" Ingfrid Time Nærland*

Ein mørk desember-morgon i 2015 får Helgedagen vera med på julevandring i Time-kyrkja. 15 born og 3 vaksne frå Vestly idrettsbarnehage kjem stille og roleg inn på Kyrkjetorget, og der blir dei møtte av kateket Ingfrid. Ho forklarar litt først, og så tek ho på seg kongekappe og krone – og blir den myndige keisar Augustus!

Manntalslista er klar, og alle må skriva seg i manntalet. Vismennene får kapper og skattar, og alle får sjå og lukta på desse skattane.

Så går dei ut, rundt kyrkja og inn hovudinngangen. Der tek engelen Gabriel imot. Denne dagen har Dortea Haugland denne rolla. Ho øver med englane på å syngja englesongen og seia "Ver ikkje redde". Det skal dei seia og syngja for gjetarane – som har samla seg rundt "bålet" inne i kyrkja. Etter å ha




*"...I julevandringa er alle deltakarar"*




*"...Prestesakristiet er herberget, og Josef og Maria får ikkje rom!"*

tent adventslys, går ferda vidare mot Betlehem. Prestesakristiet er herberget, og Josef og Maria får ikkje rom!

Følgjet finn stallen, som er innanfor altarringen, og der er Maria og Josef og Jesusbarnet! Alle får leggja seg på kne ved altarringen, der ser dei godt. Vismennene får gje gåvene sine, og så får alle samla seg rundt Ingfrid og høyra heile juleevangeliet. Ein julesong - og litt nærare utforsking av kyrkja, blir det òg tid til før dei vandrar tilbake til barnehagen sin. Skal tru kva dei snakka om ved middagsbordet heime denne dagen?

*LHH*




## Julevandringa - bakgrunnen




**I følgje barnehagen sine forskrifter og Rammeplan for barnehagen skal barnehagen gje kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar. Her står undringa sentralt. Den pedagogiske idéen til julevandringane er at borna gjennom deltaking og oppleving skal få forståing for innhaldet i den kristne jula. Denne høgtida er eit viktig element i vår felles kulturarv.**

Før me begynte med julevandringar hadde me barnehagegudstenester. Det fungerte heller dårleg. Borna var små, såg lite, særleg i Time kyrkje der det er benker. Det vart nok litt kaotisk, og ikkje ei så god oppleving som det var meint å vera.

Eg var på ein fagdag for kateketar, arrangert av bispedømet, der julevandringa vart presentert. Då var det bare å hiva seg ut på. Det var eit stort arbeid som skulle gjerast med å laga kostyme og utstyr. Sidan mor er sydame, vart ho sett i sving med kappene. Dei fleste er laga av utrangerte konfirmantkapper (mange var det musehol i). Eg farga,og mor sydde. Andre har òg vore involverte i arbeidet, men mesteparten har eg laga sjølv. Sidan det er ein viss slitasje, har det etter kvart både vorte reparert og laga nytt utstyr.

I julevandringa er alle deltakarar, og i løpet av julevandringa vil alle, både born og vaksne, få tildelt roller og kostymer og få vera med på hendingane i juleevangeliet. «Gjester» får også tildelt roller. Det gjeld for både journalistar, studentar og ordførar (tidlegare ordførar Arnfinn Vigrestad var eit syn i kvit englekappe og med gullband rundt hovudet). Dette er likevel ikkje eit tradisjonelt julespel: Barnehagane skal ikkje øva på roller på førehand.

Det er IKO som har gitt ut opplegget, og me brukar det omtrent ordrett med litt lokale tilpassingar. I Bryne kyrkje har me også med eit esel som Maria og Josef får sitja på. Så improviserer me viss det trengs. T.d. var det ein gong med ei muslimsk dame med hijab – ho fekk ei nøytral og nyskriven rolle som eselførar. For å gjennomføra to veker med julevandring er me avhengige av at både trusopplærarar, organistar og frivillige stiller som keisar Augustus og engelen Gabriel. Julevandringar er eit veldig meiningsfullt arbeid.

*Ingfrid Time Nærland*

# Kulturarbeidaren

Faktaboks:
Jarl Martinsen.
Fødd i 1944, vaks opp på Bryne.
Framhaldsskule, realskule og handelsskule.
Kontorist i 8 år.
Idretts- og ungdomsleiar i Lund kommune i godt 3 år.
Velferdssekretær i handelsflåten for sjøfolk i 6 år.
Kulturarbeidar og kultursjef i Gjesdal kommune i 28 år.
Pensjonist hausten 2007.
Gift med Ann Lambrechts Martinsen. Har to søner.
Dei flytta inn i nytt hus på Lyefjell i 1982.


Foto KAA

*Ann og Jarl Martinsen utanfor friluftskapellet i Brekko i Gjesdal*

Det er ein engasjert og sprek 72-åring frå Lye som møter Helgedagen, smilande og med klare meiningar om mangt og mykje!

**- Korleis var barne- og ungdomsåra på Bryne?**
Oppveksten på Bryne, både i Kolheia og i Vardheia, var trygg og god. Det var eit stabilt og oversiktleg lokalsamfunn å veksa opp i. Familien, og spesielt bestemor, betydde mykje for meg. Me ungar hadde mange ulike tilbod til fritidsaktivitetar, og eg var innom det meste, både søndagsskule, yngres, gutemusikken, speidaren, losjen, fotball og friidrett. Det at eg «vanka» i begge leirar, både på Saron og dreiv idrett, vart nok ikkje sett på med blide auge av alle, men for meg har det betydd mykje. Eg lærde å vera open og tolerant, kunna møta og vera saman med folk med ulike trusgrunnlag og oppfatningar – noko eg fekk mykje bruk seinare i livet.

**- Du arbeidde i 6 år som Velferdssekretær i Handelsflåten.**
Ja, det var kjekke, spanande, men utfordrande år. Å møta sjøfolk i ulike situasjonar og vera ei støtte når livet verkeleg kunne røyna på, gav meg veldig mykje.
Eg var fast stasjonert i New York, Cape Town, Aberdeen. I tillegg var eg reisande velferdssekretær i Amsterdam, Rotterdam, Antwerpen, Hamburg og andre hamnebyar i Europa. Eg møtte mange lagnader. Krigsseglarane gjorde sterkt inntrykk på meg. Mange kjende seg svikta av den norske staten, og eg meiner absolutt at dei hadde grunn til det. Det er ein «skamplett» for Noreg slik dei vart behandla.
Å oppleva Apartheid på nært hald i Sør-Afrika gjorde og eit sterkt inntrykk, og Mandela har i ettertid vore ein statsmann eg har sett høgt.

**- Kulturarbeid kan stå som overskrift over yrkeskarriera di. Kvifor er kulturen viktig i eit lokalsamfunn?**
Kultur kaper identitet og engasjement. Det gjev deg inspirasjon og påfyll i ein stressande kvardag.

**- Korsongen har vel alltid betydd mykje for deg? No er du ei viktig brikke i mannskoret Frimenn. Kva er det som gjer at folk går «mann av huse» for å oppleva dette koret?**
Korsongen har alltid vore viktig for meg. Far var ein habil songar i Time Kyrkjekor og Sivdamkoret i mange år, og då *Kor de Lye* starta opp, vart eg med der. Seinare byrja eg i Frimenn. Det er nok stilen, kor og orkester og at me syng songar som folk kjenner seg igjen i, som gjer at koret har vorte så populært.
Eg er og med i Sanglerkene, ei gruppe pensjonistar knytta til Sivdamsenteret som leiar allsongen på institusjonar og sjukeheimar i Time kommune.

Jarl Martinsen er ein aktiv pensjonist. I tillegg til korsongen, er han ein av dei trufaste i «pensjonistgjengen» som møtest på Bryne stadion kvar måndag. Medlem i Rotary er han og!
Han bruker mykje tid på kjende og kjære som har flytta på institusjon. Å få lov å besøkja dei, er ei stor glede og gjev han mykje!
Elles kosar han og kona seg på hytta på Ogna som dei kjøpte for eit godt år sidan.

**- Har du eit juleminne du vil dela med oss?**
Ja, då må me tilbake til julekvelden 1977 i Aberdeen. Ann, kona mi, hadde invitert sjøfolka heim til Ope Hus etter julemiddagen ombord. Det var folksamt i stova. Me song julesongar, og det vanka kaffi og julekaker. Sonen vår Jørn på 15 månader, vandra frå fang til fang. Det var ikkje måte på klapping og klemming. Minna og lengten etter dei der heime, strøymde nok på. Det fall mange tårer frå hardbarka sjøfolk den kvelden!

*AV*

# Ei lang livsreise...

## *Samtale med Elfrid Søyland*


Privat foto

*Elfrid Søyland*

***"...I det eg legg vekk notatblokka og takkar for meg, smiler 96-åringen og seier: - Etter eit langt liv som truande, kan eg seia at Jesus fyller livet med innhald, meining og indre harmoni."***

**Helgedagen er på veg til Njå for å besøkja ei av dei eldre Timebuane som har hatt ei spanande livsreise. Elfrid Søyland åpnar smilande døra og ynskjer velkomen.**
Sjøl om både syn og høyrsle sviktar mykje, er ho eit svært vakent og oppreist menneske. 96 år gamal gler ho seg dagleg over å få stella innom veggene ho kjenner, i huset som står på heimetuftene på Njå. I vindaugskarmane blømer novemberkaktusane på rekkje og rad. Blomane, både inne og ute, passar ho året gjennom. Elles er det viktig for henne å halda kontakten med vener og vere oppdatert så langt råd er med dei hjelpemiddel ho disponerer. Det er svært gildt med besøk og samtalar på tomannshand.

## Misjonær og eldsjel
Frå 1951 til 1970 hadde Elfrid adresse Madagaskar, avbrote av to heimeopphald, kvart på to år. Der var ho misjonær, utsendt av Det Norske Misjonsselskap. I misjonærtida ute arbeidde ho som lærar og hadde ansvar innan arbeidet blant kvinner. Etter endt teneste i eit land langt borte, reiste ho i alle sine resterande arbeidsår for den same arbeidsgjevaren, NMS, på langs og på tvers i landet vårt med misjonsinformasjon og som forkynnar. Til små og store fekk ho slik formidla eit større vindauga mot verda og skapa ny kveik for misjonsarbeidet. Ho minnest med glede si reise som tolk for den gassiske vekkelseskvinna, Nenilava, då ho besøkte Norge.

## Julefeiring
Elfrid si minnebok er omfangsrik og global. Men nå som me ventar på den store høgtida, var det helst tankar og minne frå julefeiring me ville høyra.
- Norsk og gassisk julefeiring kan ikkje samanliknast. På Madagaskar var julefeiringa knytta bare til juleevangeliet og kyrkja. Det var læring og øving. Først juleevangeliet og så julesongane. Deretter var det øving til forskjellige roller i julespelet som skulle visast i kyrkja julekvelden. Det var store nyheter som skulle formidlast på ymse vis: Ein frelsar er fødd!
*- Kva minne ber du med deg frå julefesten på Njå i dine tidlege år?*
- Me lærte julesongane og juleevangeliet på skulen og lærde det så godt at det sit framleis. Eg treng ikkje songbok. Mine beste juleminne frå heimen er gangen rundt juletreet. Me var ni søsken. Det var gjævt å få gå rundt treet og halda far i handa. Eg hugsar den store arbeidsneven hans. Han var forsongaren. Farmor budde også i lag med oss. Så var det veldig stas med faster Gunhild som alltid feira jul på Njå. Ho var sjukesyster på Ålgård og hadde fast løn. Det som kunne kallast julegåver i heimen var frå henne.

## Heimlengt? - Nei.
*- Du lengta vel heim til denne store familien gjennom åra på Madagaskar?*
- Nei, eg kan ikkje seia at eg lengta. Eg hadde mykje brevkontakt og fekk bilete. Serleg var far ein trugen brevskrivar. Eg har teke vare på nokre av breva frå han. Men kvart år kjende eg at den norske våren gjekk i frå meg. Eg treivst på Madagaskar, og det vart som eg hadde familie der òg. Så har eg hatt god helse.

*- Du har gjerne ein song du er ekstra glad i?*
- Ja, det har eg:

Salige visshet: Jesus er min!
Han er min hyrde, kaller meg sin.
Salige visshet! Allting er vel!
Jesus har kjøpt meg, legem og sjel!
Refr.:
Han er min glede, han er min sang,
ham vil jeg prise livsdagen lang.
Ham vil jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud

På Madagaskar brukar dei denne melodien til ein annan tekst. Eg kan sitja her i stova og i mitt indre høyra bruset når gassarane stemmer i og syng den i ei stor forsamling.

I det eg legg vekk notatblokka og takkar for meg, smiler 96-åringen og seier: Etter eit langt liv som truande, kan eg seia at Jesus fyller livet med innhald, meining og indre harmoni.
Tusen takk, Elfrid!

*emb*

# Katrin Årsland - om sine juletradisjonar

Blid og smilande møter Katrin Årsland utsendingen frå Helgedagen. Blid og smilande er ho forresten alltid, også når same utsending, med tendensar til tannlegeskrekk, får behandling i tannlegestolen hos henne!


Privat foto

Katrin Årsland

Men denne gongen vil me gjerne få nokre tankar om jul frå Katrin. Ho har vakse opp i ein tospråkleg heim på Bryne. Far hennar, Kristian Årsland, studerte til tannlege i Tyskland, og fann seg tysk kone der. I heimen snakka dei tysk, og nokre juletradisjonar frå Tyskland kom sjølsagt inn i heimen.

Katrin fortel at mora likte høge juletre, helst oppunder det høge taket i stova. Faren såg annleis på det, særleg etter ein velt, så mora måtte seinare ta til takke med litt mindre høgde, men då ville ho sjøl vera med på handelen og ha eit ord med i laget. Juletrepynten var tyskprega. Den skulle vera berre i sølv – med masse lys! Treet vart pynta veslejulaftan, og då var også far med.

Mor til Katrin var van med at det var 1. juledag som var den store høgtidsdagen. Mat-tradisjonen for julemiddagen var ikkje så fast som mange av oss er vane med. Etter kvart vart det kalkun som innarbeidde seg på julebordet.


Privat foto

Weinachtskribbe

Dei hadde "Weinachtskribbe", utskoren i tre. Det var ein slags karusell med krubba inst og hyrdingar og sauer rundt. Det var ei varmekjelde under, og då sveiv hyrdingane og sauene rundt krubba – jo meir varme, jo meir fart!

Besteforeldra i Tyskland kom sjeldan til jul. Reisa var lang og tidkrevande, men det var sjølsagt eit sakn for mora og familien at dei ikkje var der. Men store, fine pakkar kom det frå Tyskland, og dei måtte hentast på postkontoret. Stor stas! Tanta til mor hennar hadde snopebutikk, og ho sende også masse fint og godt tysk snop. Ikkje heilt populært for tannlegefar!

Slekta på Jæren var stor, så det var store julefestar i heimen. Etter kvart vart det berre dei næraste. Katrin minnest at det hende at faren vart kalla ut på oppdrag i jula. Det var ikkje så gildt, men han ville hjelpa dei som var i pine.
Mora var glad i song og musikk, og hadde flygel i stova. Ho likte også godt å syngja i kyrkja, og på julaftan var dei alltid der. Ein gong hugsar Katrin at ho urettvist fekk skryt for at ho var så flink til å lesa jule-evangeliet i kyrkja. Men då var det ei anna jente med mørkt hår og musefletter som skulle hatt dei lovorda! Hendinga sit i minnet enno.
Katrin og familien er framleis alltid i kyrkja på julaftan. Det er ein god skikk, synest ho. Då er dei også på foreldregrava og tenner lys. På julaftan er broren hennar med famlie alltid saman med dei på Bryne. Søstera bur i Oslo, og dei prøver også så ofte dei kan å leggja julefeiringa til Jæren. Katrin har overteke barndomsheimen etter foreldra, så då kan heile storfamilien feira jul på heimlege trakter.

LHH


Privat foto



Sedal frå Eritrea trives på Bryne

# Gode minne frå jul i Eritrea

**Sedal Zeru frå Eritrea kom til Norge som kvoteflyktning i 2010. Ho har gode minne frå ortodoks julefeiring i Eritrea, men ser nå fram til si andre jul på Bryne i eigen leilighet.**

I Eritrea er det om lag 50 % kristne og 50 % muslimar. Dei fleste i Sedal sin familie er ortodokse kristne, og Jesu fødselsdag blir høgtida 7. januar. Sedal tenkjer med glede tilbake på julefeiringa og blir rørt når ho fortel om julekveldsmessa og familiesamhaldet etterpå.

*- Korleis er dine juleminne frå Eritrea?*
-Det var ei enkel feiring, men likevel ei stor oppleving og spennande. Me vaska og rydda til jul, og pynta med juletre både heime og i kyrkja. Juledagen var viktigast saman med stor feiring i kyrkja natta før. Der var ei eiga stemning med bøn, song, musikk, trommer, dans og opptog av prestar og unge medhjelparar i drakter. Dei fleste kledde seg i kvitt. Alle hadde "TUWAF," lys i gullfarge som berre blir brukt i kyrkja.
På juledagen var det fest heime. Familen var samla, og me var fri frå fasta som omfatta animalsk mat dei siste 30 dagane før jul. God mat vart førebudd, og eg minnes gode lukter, til dømes frå eritreisk kaffi som det er eit heilt rituale med å førbu.

*- Var det gåver?*
Det var litt gåver, men beskjedne. Men barna fekk nye klær og alle var pynta. Samhaldet og gleda var stor.

Sedal budde på Hå mottak i fem år før ho kom til Bryne i fjor. Ho hadde då fått seg norske vener med tilknytning til Bryne Frikyrkje og er nå blitt van med at jula vert feira i desember.
– Det viktigaste er at jula markerer at Jesus kom til verda, seier ho. Likevel vil ho ha som tradisjon å invitera vener til eritreisk julemarkering heime 7. januar. - Då har me ei enkel markering med god mat og eritreisk kaffi.

*- Kva inntrykk har du fått av den norske julefeiringa?*
- Det er fint å feira jul i Norge, men det er litt for mykje shopping og fokus på gåver. Og det skjer i så lang tid på forhånd.

Sedal har fått deltidsjobb, går på skole og trivst godt på Bryne. I sommar var ho og sonen, Emnet (5½ år) på ferietur til Eritrea for første gong sidan ho reiste derifrå. – Det var fantastisk gjensynsglede med familien, fortel ho. – Mi beste tid i livet.

*Tekst og foto: RT*


Foto John Ingve Olsen

Sofie Braut får blomster av Willy Finnbakk

## Takk til Sofie Braut

Etter 8 år som klokkar i Time kyrkje, vart Sofie Braut takka for tenesta under gudstenesta i Time kyrkje sundag 20. november. Ro, orden og tryggleik har prega tenesta hennar. Med klårt suldalsmål har ho lese bibeltekstar og liturgiske tekstar slik at dei har funne vegen frå øyre til hjarte.



# Josef



Foto: KAA

## Josef

**4. søndag i advent, 20. desember 2015, i Bryne kyrkje, var Gudstenestegruppe 1 med og planla og hadde tenester i gudstenesta. Preiketeksten hadde mykje fokus på Josef då han hadde fått vite at Maria var blitt med barn ved Den Heilage Ande (Matteus 1,18-25). Med bakgrunn i samtalen gudstenestegruppa hadde omkring denne teksten, skreiv Bjørg Egeland Løkken eit dikt. Det las ho opp like etter preika. Vi vil gjerne dele dette flotte diktet med bakgrunn i Matteusteksten med Helgedagen sine lesarar.**

*Kjell Børge Tjemsland*

***JOSEF***
*Hva er det hun forteller,*
*så oppglødd, så strålende?*
*Men de hadde jo ikke vært sammen.*

*Det er vel ikke en av de romerske soldatene*
*som hadde tatt henne fra ham*
*for å føre skam over henne?*
*Maria, som er hans egen trolovede!*

*Et hardt trykk mot pannen*
*av rasende tanker.*
*Han er redd.*

*Men hør, enda en gang. Hva er det hun sier?*
*Hun er med barn ved Den Hellige Ånd!*
*Han trekker seg unna, vil gå fra henne.*

*Uansett er det ikke hans barn.*
*Og dette er et aldeles fremmed budskap.*
*Kan det virkelig være sant?*
*Han vil ikke, men blir nødt til å forlate henne i stillhet.*
*Av ærefrykt, om det skulle være sant.*

*Søvnen kommer sakte denne natten.*
*Han er sliten av tanker og sorg.*
*Han hentes inn i en drøm,*
*og i drømmen en lyskrans, og midt i lyskransen*
*står en engel.*

*«Josef, vær ikke redd!»*

*Det er det samme, strålende budskapet på nytt,*
*men nå med overveldende kraft.*

*Da faller en varm ro over Josef.*
*Han begynner å ane noe ufattelig stort.*
*Han er møtt av Guds egen berøring.*
*Han er selv en utvalgt av Gud,*
*utpekt til å verne om det underfulle barnet og Maria.*
*Barnet kan aldri være en del av hans kropp,*
*men en lysstreng kan komme*
*til å spennes mellom hjerter.*

*En gang skal han kunne holde barnet*
*i sine egne armer, kjenne pulsslag som slår*
*og blikk som søker.*
*Høre barnet pludre. Hva vil det komme til å si?*
*En gang vil Jesus ta sine første, vaklende skritt,*
*stabbe imot og søke støtte hos Josef.*
*Siden lære håndfaste ting av sin stefar.*

*En gang kan det bli Josef selv*
*som med sine egne, ustøe skritt*
*blir møtt med Jesu frelsende armer.*

*Bjørg Egeland Løkken*

# Myanmar: Julefelleskap i kyrkja



*Luan kom frå Myanmar til Bryne i 2013. Her med dottera Ruth*

**I Time bur det, i følge kommunen, 17 familiar som er komne til Norge frå Myanmar (Burma), anten som FN –flyktningar, asylsøkjarar eller i samband med familie-gjenforeining. Dei fleste av desse er frå delstaten Chin, vest i landet og har bakgrunn frå kristne miljø, både frikyrkjelege og katolske.** Av dei 500 000 som bur i delstaten er anslagsvis 85 % kristne, og 13 % buddistar. Totalt bur det om lag 56 millionar i Myanmar, 88 % er buddistar, 4 % kristne og 4 % muslimar.

På oppmoding frå Helgedagen har Ngoih Khan Luan skrive litt om julefeiringa slik ho hugsar det. Ho er pinsevenn og kom til Norge i august 2013. Nå bur ho på Bryne med mann og ei dotter på 3 år:

"Alle kristne i Myanmar feirer jul i sine respektive kirker 25. desember. I jula pynter vi kirken og huset med juletre, blomster, stjerner og mye lys. Og vi gjør mange hyggelige ting. "Jule-caroling" begynner på den første dagen i desember. Mange bønnesamlinger blir holdt i forskjellige husholdninger, og vi gir gaver, spesielt til barn og ungdom. I jula har familien tid til å være sammen og spise god mat.
Julaften om kvelden samles vi i kirken og har gudstjeneste kl 2400. Dessuten spiser vi sammen spesiell mat, for eksempel ris, grøt og bønner. På selve juledagen er vi hele dagen i kirken. Programmene inkluderer jule-spillene, bibel-minne, fortellerkonkurranser, evangelisering og forkynnelse av evangeliet. Gaver blir delt. En familie bytter gaver med en annen familie, og vi spiser tradisjonell mat.
Etniske minoritetsgrupper som Kayin, Kachin, Chin samt noen burmesiske feirer jul i desember. Juledag er offisiell helligdag i Myanmar. Det var godt å oppleve slik jul, være sammen med familien og spise god mat."

På spørsmål om korleis ho opplever norsk jul, svarer Luan at ho ikkje har delteke i typisk norsk julefeiring. Ho brukar vere saman med andre frå Myanmar i julehelga. Men ho har lagt merke til at jula begynner svært tidleg her.

*Tekst og foto: RT*


## Miljø, møteplass og misjon

**NMS Gjenbruk på Bryne**
Parken Senter
Tlf. 951 06 028

Inngang ved hjørnet til Saronsbrotet og Meierigata

Opningstider:
Måndag/fredag 10.00 – 17.00
Laurdag 11.00 – 15.00

**Vi tar også i mot brukte:**
Hagereiskapar
Møblar
Maleri
Kjøkkenutstyr
Pyntegjenstandar
Lysstumpar
- og anna

Ring 951 06 028

SOS 22 40 00 40
SOS MELDING
SOS CHAT
SOS kirkens-sos.no

# Takk for torsdagstreffa!


Foto KAA

*…"Enorme heisekranar svevar ikkje langt unna kyrkjetaket"*

**I dag er det 20.oktober, ein fin haustdag, og eg er nett komen frå Torsdagstreff i kjellarstova i Brynekyrkja. Det skumrar, men det eg har høyrt og vore med på dei siste to-tre timane har fylgt med meg heim og «ligg og skin i mitt minne no».**

I dag var det Leif Andenes som kåserte om heimbygda, om barneår på den einbølte staden i Åkrafjorden, der alle borna frå 1. til 7. klasse gjekk i ein klasse – udelt skule, og det var samhald og ansvarslæring både på skulen og i heimen. Den fyrste songen han lærte utanboks var «Eg ser deg Gud, i kvar ein blom som tirer», (NoS 187). Då var han førsteklassing, og denne salmen har vore ein trugen fylgjesvein sidan. Han ga oss minne og songar frå ei nær fortid, som samstundes kjendest så uendeleg langt unna.

For der me sit, i kjellarstova i Brynekyrkja, endrar nærområdet seg kvar dag. Enorme heisekranar svevar ikkje langt unna kyrkjetaket, og moderne liv og teknologi omringar oss på alle kantar. Så fekk me altså eit par fredelege timar inn i det som minte om vår eigen barndom i fedrelandet, vår skule med ein lærar, med bibelsoge og rekning og landkunne og song med Fadervår som avslutta dagen. Me fekk stemma i mange kjente og kjære songar, dei me lærte utanåt og som sit spikra i minnet vers for vers. Det var: Når som Noreg i sylvkåpa glimar og Blåmann og Blandt alle lande og Hu hei, kor er det vel friskt og lett og mykje, mykje meir. Ja, barneåra steig fram i eigen glans og glede med mor «som steller i kjøkenkrå».

Pluss minus 60 er velkomne til treffa, men det er nok helst dei pluss pluss som fyller romet til trengsel og som syng av full hals. For dette kan me og er stolte av.

Ved pianoet trilla Kari Ree over tangentane, Leif Andenes kåserte og song, og til slutt fekk me tankevekkjande ord om Nikodemus sitt møte med Jesus ved nattetider, andakt ved Leiv Roald Thu. Liv Ingunn Serigstad leia møtet.

Det er fem år sidan desse torsdagstreffa starta opp. Det har vore gilde samlingar med solide og vel førebudde tema, med songstund og andakt kvar gong. Det siste på programmet er takk og blomar til dei som er hovudpersonane i programmet.

### ---til dei som ikkje vert takka

På veg heim tenkte eg: Det var mange der som ikkje fekk takk, dei som hadde førebudd det heile i lang tid. Og alle dei som kom lenge før oss og gjorde i stand herleg mat på kjøkken, sette opp og dekka borda, pynta, ynskte velkomen i døra, tente ved borda og var klare for ryddesjauen då me andre bare svinga ut døra.

Tusen takk ! Tusen takk fordi me kjem til kvart Torsdagstreff og kjenner oss så velkomne! Me veit så vel at nokon står bak kvar einaste detalj, men me er vane med det og tek det for sjølsagt. Nå skal eg avslutta og signera dette, men det skulle stått så mange namn under her. Eg trur kvar og ein som var der i dag, og elles, går berika og takksam heim. Vidare kan eg tenkja at alt me les om i Helgedagen under Å VERA MED PÅ, gir både føre- og etterarbeid for mange. Tusen takk! De, som alltid står på, ser forresten ut til å trivast så inderleg vel med dette ansvaret. Så det er nok heilt sant det me las og skreiv i minnebøkene som born: «Den største gleda ein kan ha, det er å gjera andre glad.»

PS. Leif Andenes fortalde at heimbygda i Åkrafjorden nå er heilt fråflytta vinterstid. Skulestova står ikkje lenger på tuftene. I sumar hadde han vore tilbake, og der skulen sto fann han berre døra liggjande att på bakken. Så avslutta han med å lesa dette diktet av Gunnar Bjelland, også ein utflytta grendagut:

SKULEDØRA

*Inngangsdøra til skulen*
*ho kan ikkje opnast for alt er ope.*
*Ho kan ikkje lukkast*
*for det er alt gjort.*

*Perler av morgondogg på marikåpa*
*er tårer som fell over gamle tufter.*

*emb*

# Trusopplæring i Den norske kyrkja




**Trusopplæring i kyrkjelydane våre hausten 2015**

### Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.

## Dåpsskule

Dåpsskule for barn fødde i 2010 (første trinn).
Fire samlingar rett etter skuletid eller på kveldstid.
Dåpsskulen vert avslutta med dåpsskulehelg og gudsteneste i kyrkja.
18-19. mars: Undheim kyrkje
25-26. mars: Time kyrkje
25-26. mars: Bryne kyrkje
Invitasjon blir sendt ut.



### Undretur i Bryne kyrkje

Laurdag 21. januar kl 1100 blir det undretur i Bryne kyrkje for barn fødde i 2014.
Invitasjon blir sendt ut

### Undretur i Time kyrkje

Laurdag 21. januar kl 0930 blir det undretur i Time kyrkje for barn fødde i 2014.
Invitasjon blir sendt ut.

### Tårnagenthelg i **Time kyrkje**

28-29. januar: Time kyrkje. 3. trinn frå Hognestad og Lye
4-5. februar: Undheim kyrkje. 3. og 4. trinn frå Undheim
3. og 5. februar: 3. trinn Bryne og Rosseland
Invitasjon blir sendt ut.

### Nytt tilbod for 6. og 7. trinn (felles for Bryne, Time og Undheim):

**Tweensfestival (24 Hours festival) 17-18. juni på Undheim.**



Tweensfestivalen er ein festival som gir ei unik oppleving av livsglede, sett i ramme av aktivitetar, musikk, forkynning og utfordringar, der Jesus blir eit naturleg midtpunkt.
Programmet vekslar mellom aktivitetar og sceneprogram

# Jubileumshelg med historisk gudsteneste

***"- Det var ein kristen bondeheim eg voks opp i, der Guds ord sat i høgsætet og bøn og salmesong fekk klinga. Di eldre eg vert, di meir takksam kjenner eg meg for denne heimen. Aa beda og arbeida lærte eg der. "***
Peter Hognestad i bladet Stille Stunder 1914



*Peter Hognestad, 150års jubilant*



*Ottar Grepstad*

Sidan opninga på Bryne i februar, har jubileumsåret for Peter Hognestad vore feira mange stader, både i aust og vest. 12-13. november vart ei stor jubileumshelg på Jæren.
Laurdag, som var fødselsdagen til Hognestad, presenterte Per Halse sin ferske biografi på Garborgsenteret med eit interessant foredrag. Direktøren i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, drog linjene frå kampen om nynorsk som kyrkjespråk til ordskiftet om språk i ny Vestlandsregion i dag. Ein strykekvartett deltok og framførte nydeleg musikk etter noter funne i noteskapet til Hognestadfamilien. Om kvelden var det festmiddag hos Jærkokken, Heine Grov.

Time kyrkje, Hognestadfamilien si kyrkje, var omtrent fullsett på festgudstenesta 13. november. Det vart ei flott oppleving. (Sjå omtale av gudstenesta annan stad i bladet)

-Peter Hognestad har på ny skrive seg inn i det sosiale langtidsminnet. I slike kollektive minne ligg grunnlaget for ei felles sjølvforståing. Det handlar om identitet og verdiar, og kvifor noko er viktigare enn noko anna, sa direktøren i nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, i si helsing på slutten av jubileumsgudstenesta.

*RT*

## Gler seg til presteteneste på Undheim



*Johannes Nedrelid*

Johannes Nedrelid (63) er på plass som ny prest på Undheim, i 60% stilling. Hans første gudsteneste i Undheim kyrkje var søndag 27. november, 1. søndag i det nye kyrkjeåret.
Johannes Nedrelid ønskjer å vere prest for heile bygda og trekkje folk med i arbeidet.

– Eg trivst med folk rundt meg og ser på meg sjølv som ein utovervend person. Som prest har eg brukt mykje av tida mi saman med folk i ulike livssituasjonar. Slike møte er viktige for meg. – No gler eg meg til å byrje på Undheim. Eg liker å tenkje breitt utover i folkekyrkja både i samarbeid og i fellesskap. Og det er gildt å kunne trekkje inn folk i gudstenesta, seier Nedrelid som også har jobba litt med retreat og åndeleg retteleiing – noko som har gitt han mykje.
– Eg er vel det ein kan kalle roleg og avbalansert som person. Og ganske spontan når eg får tenkt meg litt om, smiler han.

Johannes Nedrelid er fødd og oppvaksen i Hjørungavåg i Hareid kommune på Sunnmøre. Hans veg inn i prestetenesta var gjennom eit tydeleg misjonærkall. Difor vart det presteutdanning ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Midt i studietida vart Johannes gift med Halldis frå Nærbø.

Etter teneste som feltprest og språkstudiar var han og familien i 1982 på plass i Kamerun. Det vart to periodar i misjonen si teneste. Familien kom heim til Norge i 1989. Første året gjorde han teneste i Misjonsselskapet, men i 1990 vart han tilsett som kapellan i Ørsta. Fem år seinare flytta familien sørover til Ølen. No er tida i Ølen over, og Nedrelid medgir at det har vore ein prosess å arbeide seg ut frå ei bygd han har tent som prest sidan 1995.
Haldis og Johannes Nedrelid har husvære på Nærbø. I løpet av hausten har dei flytta til Jæren. Saman har ekteparet fire barn. To av dei har busett seg i Ølen, ein på Sandnes og ei dotter i Langevåg på Sunnmøre.

*Steinar Sandvik*

# Gjekk du glipp av gudstenesta?




*"...Jubileumsgudstenesta, for å minnast biskop Peter Hognestad, i Time kyrkje 13. november, vart ei festgudsteneste som famna vidt."*

Nå skriv eg desse linjene til dykk som gjekk glipp av ei stor oppleving. «Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt for å høyra kva du Gud Fader, vil tala til meg...». Farne tider var bakteppet då klokkaren, Sofie Braut, las den gamle klokkarbøna til opning, og prost Kjell Børge Tjemsland i svart samarie, brukte gamal liturgi. Biografen, Per Halse, siterte Peter Hognestad sin omtale av heimekyrkja slik: «Midt for augo hadde me her i kyrkja eit bilete av Kristus på krossen,» og vidare: «Der har eg hatt så mang ei god stund, i høgtider og på vanlege søndagar. Der sat far og der sat mor. No kviler dei under torva utanfor kyrkjeveggen.»

Me vart lukka inn i biskop Peter Hognestad si verd og hans tanke, fekk ny kunnskap om denne sambygdingen. Hans store visjon var å skapa eit folkeleg kyrkjespråk, få bibel, salmar og liturgi på morsmålet, hjartespråket. «Mitt høgste ynskje er å få vera ei røyst som ropar det norske folk heim til seg sjøl, heim til kyrkja og heim til Gud», sa Hognestad då han vart biskop.

For 150 år sidan, første søndag i advent, vart han døypt i Time kyrkje. Nå er me her og opplever at hans målmedvitne arbeid har lukkast. Me sit i hans heimekyrkje og syng: «Fager kveldsol smiler, over heimen ned», denne kjære songen som har hans signatur. Me får også lytta til vakker korsong og syngja med i fleire av salmane han omsette til nynorsk. Også bokmålet hadde nytte av Hognestad sitt arbeid og tok etterkvart opp meir folkelege uttrykk i kyrkjespråket, sa biograf Per Halse.

Det starta på Hognestad. Sokneprest Stein Ødegård understreka i si preika den viktige starten på eit menneskeliv, dei grunnleggjande barndomserfaringane som formar «det oppreiste mennesket.»

Blandakoret Jærklang med sin dirigent, organist Oddny Underhaug, var ei tydeleg og vakker ramme rundt denne festgudstenesta. Koret framførde fleire av Peter Hognestad sine omsetjingar. Kvifor skal eg syngja «*O bli hos meg! Nå er det aftentid*»? tenkte eg. For hjartespråket mitt er:

*Å, ver hjå meg, for no er kvelden nær,*
*og snart det mørknar, Herre, hjå meg ver!*
*Når all mi hjelp og trøyst har flytt sin veg,*
*du hjelp for hjelpelause, ver hjå meg!* (NoS 818)

Nokre linjer i Helgedagen kan ikkje gi eit godt nok referat, heller ikkje formidla kjenslemessige inntrykk. Men på TV Aftenbladet kan me «høyra og sjå» gudstenesta. Prøv det! Lat klokkene frå «dette heilage huset» få ringja deg inn til ei høgtidsstund i eiga stove.

*emb*

# Bibeldagen 2017: Biblar til Sentral-Asia

## Bibeldagen 2017 blir feira 12. februar

I Sentral-Asia ligg det seks land som før var ein del av Sovjetunionen. Vi har i dag bibelselskapsarbeid i Kasakhstan, Usbekistan, Tadsjikistan, Aserbajdsjan og Kirgisistan.

Det bur 75 millionar menneske i Sentral-Asia. Svært få har ein bibel eller kjennskap til kristen tru, og islam veks sterkt. Fleire stader opplever også kyrkjene stor vekst, men dei møter mange stader sterk motstand.

På Bibeldagen 2017 kan vi støtta dei kristne i Sentral-Asia med biblar og nytestamente som styrkjer dei i trua.

Midla som blir samla inn skal gå til:
- Biblar, nytestamente og bibeldelar til born og vaksne (på bl.a. usbekisk, kasakhisk, kirgisisk, aseri og tadsjikisk)
- Omsetjing av Bibelen til kirgisisk
- Bibeldelar i stor skrift til eldre
- Å gjera Bibelen tilgjengeleg på Internett



*– Vi kan i alle fall visa dei hendene våre (kristne i ei huskyrkje i eit land i Sentral-Asia lyttar til Bibelen frå ei lydbok)*

Me kan lesa meir om Bibeldagsprosjektet på nettstaden **www.bibeldagen.no.**

Gåvekontonummeret til Det Norske Bibelselskap:
**3000.16.16869**

Å VERA MED PÅ






## Julekonsertar i Brynekyrkja

Vi har den gleda å presentera eit breidt program av julekonsertar og arrangement i Brynekyrkja i år. Noko av det viktigaste i julehøgtida er å fortelja den vakraste historia som finst – Evangeliet om den allmektige Gud som kjem nær oss, som barnet i krybba. I Brynekyrkja har vi eit variert program for høgtida, og du er velkommen til å delta i gudstenester, konsertar og andre samlingar.

### Årets julekonsertar i Brynekyrkja

08.12 Bryne Storband
10.12 Viva Sandnes kulturskolekor kl 18.00
11.12 Rosseland skulekorps kl 18.00
13.12 Strålande Jul – julekonsert til inntekt for Idas Hjelpefond kl 19.00
14.12 Tusen Julelys - Mia Gundersen, Henrik og Martin Enger Holm kl 18.00
18.12 Vivace syng jula inn kl. 20.00
20.12 «Det skjedde i de dager» kl. 19.30 – fortelling og musikk med Sonja Lie og Ingrid Kjosavik

*(For meir info, viser vi til eigne oppslag og kontakt med arrangør)*




## Strålande Jul

**Brynekyrkja**
**13. desember kl 1900**

En julekonsert til inntekt for Idas hjelpefond.

Det blir *Strålande Jul* i år også. Bli med på årets store veldedighetskonsert i Brynekyrkja til inntekt for Idas Hjelpefond. Kjøp billetter og sjekk ut ny nettside www.strålandejul.no

Vi har gleden av å introdusere:

- Kim Laland
- Marianne Røise Lygren
- Elisabeth Røise
- The Foggy Five
- Silje Sandanger
- Olav Larsen & The Alabama Rodeo Stars
- Charlot Daysh
- Bjarte Lending
- Evy & Jan Jonassen
- Karin Hodne
- Brigt Skrettingland
- Jæren Solist Ensemble
- General Forsamling

Velkommen skal du være!



## Torsdags-Treff

**i Bryne kyrkje**
**kl 14.30 - 16.30**

**Målgruppe: Pluss/minus 60**
*Tid og stad:*
Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.
*Kva me vil:*
At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!
*Korleis me skal ha det:*
"Kultur"-innslag (eit tema)
Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.
Matøkt – og drøs. Andakt

| | |
|---|---|
| 19. jan | ***Svein Imsland:*** "Bilet-presentasjon av Bibelens planteverden" Songstund og matøkt. Andakt. |
| 16. feb | ***Rolf Bergseth:*** "Aldring: Kva skjer i kropp og sinn, og korleis takle det?" Songstund og matøkt. Andakt. |




## Kor Bra
(med forsterkingar)
frå Misjonskyrkja

Blandakoret
## Jærklang

Orgel og blåsarar

Songsolistar
og dansarar
frå Kulturskulen

# Adventsmessa
# Fest i Guds hus

Bryne kyrkje søndag 11. des kl 11
Arr. Brynekyrkja

Bryne Kyrkja

## Velkommen!

Alt innen Datahjelp - hjem på døren
PC / MAC Reparasjon og Service
Datahjelpen.IT
Vi hjelper deg!
Ring oss i dag:
51 48 50 00
www.datahjelpen.it

aktiv.
Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!
Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no
Vi megler frem dine verdier www.aktiv.no

ave SYSTEMER
RØRLEGGER
ELEKTRO
VARMEPUMPER
UTENDØRS SPA
KJØLEROM
www.ave.no - Tlf.: 09543

elkonor EL-TEAM Elektroentreprenør
Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

jæren sparebank

JADARHUS
Det lille ekstra
• ARKITEKT • NYBYGG
• PÅBYGG • OMBYGGING
Avdeling Bryne
Kontakt Arvid Braut – tlf. 95 23 75 23 – mail. arveidb@jadarhus.no
Vesthagen 9, Bryne – www.jadarhus.no

JærTannlegene
Heidi Bøe Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800

Johansen Elektriske as
Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

VB Bryne Rør A/S
Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne

MØBELRINGEN
I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20

PB PIZZABAKEREN™
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

BØRGE UNDHEIM A/S
KYLLINGOPPDRETT
Litlaundheimsvegen 135
4342 Undheim
Tlf 51 48 89 00
Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året

haver
Haver Advokatfirma AS
Øgårdsbakken 3, Bryne
telefon 51 77 00 50

TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig
Vesthagen 4, 4344 Bryne
Tlf. 51 77 15 90

Koinonia
BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING
RINGO
Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520

Velkommen til

# Juletrefest

i Bryne kyrkje
onsdag 28. des kl 16.00



- Barneandakt ved Heidi Strand Harboe
- Musikk ved Time kulturskule
- Juletregang
- Servering av pølser, saft, kaffe og kaker

Inngang kr 50
pr vaksen

Velkommen til store og små!

## "Søndagstreff"



**Bryne kyrkje**

**Kl 1800**: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova
**Kl 1900**: Gudsteneste i kyrkjesalen

**Søndag 08. januar**
**Søndag 12. februar**
**Søndag 12. mars**
**Søndag 02. april**
Grillfest torsdag 4. mai. Info om tid og stad kjem.

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming



## Minnegudsteneste i Time kyrkje

Søndag 15. januar
kl 19.00

Vi vil minnast dei som døydde frå oss og blei gravlagde i Time i året 2016. Namna blir lesne opp og det blir tent lys.

Gunnar Frøyland og Marit Høie Hetland leiar samlinga.
Songgruppa Shalom blir med

*Gudstenesta er open for alle*
*Velkomen!*



**Fotland bedehus**

**Desember**
11. Søndagsskule
17. Ungdomstreffen
23. Guttalag
27. Ope hus
28. Ungdomstreffen
30. Bønnemøte
31 Misjonsforening NMS

**Januar**
08. Søndagsskule
09. Guttalag
13. Ope hus
16. Bønnemøte
22. Søndagsskule
22. Møte NLM
11. Ungdomstreffen
13. Årsmøte
16. Møte NLM
19. Søndagsskule
20. Guttalag
24. Ope Hus
25. Ungdomstreffen
27. Bønnemøte
28. Misjonsforening NMS

**Februar**
05. søndagsskule
06. Guttalag
10. Ope hus

## Heilage tre kongars fest på Saron

saron

**søndag 8. januar kl 19.00**
Tale av Jon Steinar Dale og Evy Nyvoll
Sang: Finnøy kyrkjekor
Servering - Misjonsgave
Alle velkomne

*Det Norske Misjons-selskap*

NMS

## Julegudstenester på Sivdamheimen og Bryneheimen

Julaftan er det kvart år gudstenester på helse- og omsorgsinstitusjonane:
Kl 10:00 Bryneheimen
Kl 11:00 Sivdamheimen
Program: Gudsteneste v/ Stein Ødegård, song og musikk.
Personalet på avdelingane har ofte ikkje høve til å bli med, og det kan for mange vere godt å få hjelp og fylgje. Vi oppfordrar familie og vener til å delta saman med bebuarane.
Alle som bur på Sivdamsenteret, i heimane eller andre stader er også hjarteleg velkomne.

EiendomsMegler 1

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

BERGENE MASKIN
Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne
Graving•Transport•Singel•Grus•Solla jord
E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no
Org.nr. NO 980 557 901 MVA
www.bergenemaskin.no
Arvid Bergene
Daglig Leder
Mob. 917 30 249

WACO
Forsikringsmegling as

Tid for å fikse opp ute eller inne? Ta kontakt, så hjelper vi med jobben!
ROY FRODE MONGE
90 11 66 41 - rfm@rogenes.no
ODD KÅRE RØGENES
90 94 01 80 - okr@rogenes.no
FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET
www.rogenes.no
BYGGMESTER RØGENES & Co A/S

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180

La oss ta hele badet
Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til fikst ferdig, nytt baderom. Les mer på www.byggelaget.no
Byggelaget

Fretex
Butikksalg
Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50
www.fretex.no . Opningstider:
man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00

JÆREN HOTELL

AutoMester®
bilverkstedkjeden
JAN REIME BIL & KAROSSERI AS
4340 BRYNE, Hålandsveien 37
Tlf: 51 48 12 00

BYGGMESTER
HERSDAL AS
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

BYGG MESTER
JENS GERLACH SØRENSEN A·S

coop obs!
HYPERMARKED

Kverneland Bil
Vi tar ansvar!
Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82
Reevegen 11, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 16 10

Bøgh Hafoss a/s
TOYOTA
Fossveien 3, 4373 Egersund
tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no

reime&lode
AUTOMOBILT PÅ JÆREN
Bernerveien 30, 4365 Nærbø
www.reimeoglode.no
Tlf. 51 79 10 10
post@reimeoglode.no

JÆREN MISJONSRADIO
Nærradioen med godt nytt
Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22
Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
www.jmradio.no
Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid.
Hebr. 13,8.

Rogalandshus




# KVELDSGUDSTENESTER

## Bryne kyrkje | Våren 2017

Alle kveldsgudstenester startar kl 19

### 29. JANUAR /
Etikk for livet
Tom Hetland
Fiolin ved Nadina Prudnikova

### 5. MARS //
Dei heilage handlingane
Petter Reed
Taizemusikk, vokal og instrumental.

### 26. MARS ///
Den forunderlege nåden
Andreas Haarr
Musikk ved Con Brio

### 23. APRIL ////
Det varme fellesskapet
Anne Helene Våge
Jæren Gospelkor

### 21. MAI ////
Dei store forteljingane
Ingeborg Mongstad Kvammen

VELKOMMEN til kveldsgudstenester med føredrag, god musikk og stille tid med lystenning, bønnestasjonar og nattverd.

Bryne Kyrkja

## Gjevarteneste

| | |
|---|---|
| Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, | kto.nr. 3325.25.07057 |
| Trusopplæringa i Time | kto.nr. 3325.39.13407 |
| Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim | kto.nr. 3325.21.55657 |
| Undheim kyrkje - gåver | kto.nr. 3325 25 08959 |
| Frøyland-Orstad kyrkjelyd, | kto.nr. 3290.60.44179 |
| Kyrkjebygg Frøyland-Orstad | kto.nr. 3325.25.09270 |
| Ungdomsarbeidar på Lye | kto.nr. 3325.25.04260 |
| "Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time | kto.nr. 3325.21.30859 |
| Stikk innom vår heimeside | http://www.time-kyrkja.no |

### Ynskjer du nokon å snakke med?

*Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.*

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Sokneprest Johannes Nedrelid
tlf. 926 55 645
Diakon Marit Høie Hetland
tlf. 48 89 69 19
Diakonvikar Ann Iren Tjelta Ravndal
tlf. 48 89 72 32

## Teologi til folket!




Foto KAA

Bryne sokneråd, i samarbeid med soknerådet i Klepp, har vore ansvarlege for bibelkveldane i Bryne kyrkja denne hausten. Tema for kveldane var : *Kva er Luthersk Kristendom?*

To av førerdragshaldarane underviser på Misjonshøgskolen. I februar og mars neste år inviterer Misjonshøgskolen – VID - til Stavanger.

*Her er invitasjonen:*

**I år 2017 er det reformasjonsjubileum. I den anledning inviterer VID Misjonshøgskolen til åpne forelesninger for folket! Professor i kirkehistorie Torstein Jørgensen og professor i systematisk teologi Knut Alfsvåg, tar oss gjennom reformasjonen i Tyskland for 500 år siden og hva dette betyr for oss i dag.**

**Velkommen til Aulaen, VID Misjonshøgskolen, kl 18.00-20.00:**
15.2 Luther og reformasjonen i Tyskland
22.2 Den lutherske kirkens identitet i en økumenisk kontekst
08.3 Fra dåp til vekst i troens verden
15.3 Finnes det en luthersk spiritualitet?
22.3 Luthersk samfunns- og kulturkritikk
29.3 Luthersk preken og aktuell prekenpraksis

VID

### *Vegen tilbake til Gud*

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"*
Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

## Skaperverket



***Traktkantarell**, en velsmakende sopp i skogene våre, men også en viktig "*

**Høsten er en spesiell årstid. Liv har blitt levd og mye avfall skal tilbake til naturen – som byggestoff til nye generasjoner.**

*Bakteriene* er kjent som nedbrytere – små celler i jord og vann som løser opp og gir stoffene videre til nytt liv. *Meitemark* og *insektlarver* er også med som tallrike "renholdsarbeidere" i jorda.

*Soppene* bryter ned kvist og visne plantedeler i skogen. Vi kjenner til bl.a. spiselige kantareller og sjampinjonger, og i dagliglivet bruker vi nyttige gjærsopp i brød- og kakebakst.

Og tenk hva soppen Penicillium har betydd for oss mennesker. Medisinen penicillin har hjulpet de fleste av oss. Utpå høsten får ofte lønnetrærne svarte flekker på bladene. Det er en parasittsopp, lønntjæreflekk, som på denne måten høster litt sukker fra bladene før de faller av treet.

Skaperverket er variert og ufattelig stort. La oss alle bidra med forståelse og aktiv omsorg for at liv – stort og smått – får spille videre i de vakre former, farger og viktige roller vi opplever og har fått se.

*Tekst og foto: Tore Randulff Nielsen*

## *Det litt muntre hjørne:*

Løysing HelgeKryssord-4/16

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| H | A | U | S | T | M | Ø | R | K | E |
| A | K | S | E | L | E | R | E | R | A |
| U | T | O | P | I | D | U | S | I | N |
| S | I | S | T | E | B | R | I | S | A |
| T | E | I | E | R | L | A | S | T | U |
| O | B | A | M | B | O | L | T | U | S |
| N | Å | L | B | I | N | D | A | S | T |
| N | A | F | E | U | D | E | N | N | E |
| A | R | Å | R | M | E | I | S | A | T |

*Vi følgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:*

Den kjente predikanten Billy Graham er nå 98 år. En gang han var ung og skulle preke i en liten by, spurte han en ung gutt om veien til postkontoret fordi han skulle poste et brev. Ja, gutten pekte og forklarte. Predikanten takket ham og sa så:
- Hvis du kommer til kirken i kveld så kan du høre meg fortelle alle om hvordan de kan komme til Himmelen.

*- Jeg tror ikke jeg kommer der, sa gutten. - Du vet jo ikke veien til postkontoret engang!*

*KAA*

### HelgeKryssord-5/16 av Gabriel Tengsareid



**Vassrett**
1. Godt råd i Paulus' brev til Filipparane 4:4
8. Vitalitet
11. Elskar
12. Ekkel
14. Pronomen
15. Utanriksdep.
17. Kast!
18. Alfabetnaboar
19. Terg
21. Like bokstavar
22. Studere
23. Luftmålar
24. TV-program i des.
27. Kosmoset
29. Rikke
30. Slekt
31. 49
32. Ukjent
33. Følt

**Loddrett**
1. Julesong
2. Klistre
3. Den glade bodskapen
4. Arvestoff
5. Skodamodell (Avskyeleg snømann)
6. Påbodet
7. Vekteining
9. Slepenot
10. Ta til deg mat!
13. Damenamn
16. Insektet
17. Godlaget
20. Frykta farvatn sør for Kvassheim
22. Farge
25. Bogeskyttar
26. Vulkan
28. Dørslag



## DØYPTE

**BRYNE KYRKJE**
11.09.16: Jone Nedrebø Storhaug, Evelina Giang Reymert Trøite
18.09.16: Ulrik Egeland Mørk, Karin Egeland Mørk, Astrid Egeland Mørk
25.09.16: Jonas Dale, Luca Alexander Førland, Bea Pihl Haver
09.10.16: Torjus Dalen-Haugland, Mena Risholm Hansen, Oda Regine Nicolaisen Skoghei
29.10.16: Amalie Arctander Fosse, Truls Haldorsen, Charlotte Meland

**TIME KYRKJE**
17.09.16: Torben Oftedal Heskestad, Thea Skåra Loftheim, Bea Wiik Sæland, Rakel Ree Straumland, Emil Træland
25.09.16: Theodor Byberg Jonassen, Mariell Aksdal Segar, Eliah Serigstad-Aase
23.10.16: Johannes Braut, Trym Horvei, Maren Herikstad Laland
12.11.16: Vilde Gudmestad Hognestad

**LYE FORSAMLINGSHUS**
02.10.16: Heidi Furre
30.10.16: Alice Salte

**UNDHEIM KYRKJE**
18.09.16: Ordin Tøge Johansen, Lina Reiten Mellemstrand
02.10.16: Oliver Selliken Oma
16.10.16: Torje Taksdal
13.11.16: Thilde Skårland

**BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER**
09.10.16: Ida Tomine Terjesen, Klepp krk.
23.10.16: Tiril Haugland, Klepp kyrkje



## VIGDE

**TIME KYRKJE**
10.09.16: Gry Helen Skjæveland og Thomas Krieger
24.09.16: Åshild Cassandra Strand og Lars Bruhaug
01.10.16: Anne Gro Haavardsholm og Endre Grødem
29.10.16: Grethe Hadland og Håkon Eivind Larsen
12.11.16: Beathe Gudmestad og Kristian Hognestad
Hege Kristensen og Roy Are Kristensen

**UNDHEIM KYRKJE**
08.10.16: Kjellaug Wold og Jarle Kartevold



## DØDE

Marta Dagestad Undheim, Ingvar Egeland, Karen Mossige, Kari Tunheim, Bjørg Haugstad, Olaug Øines, Johanne Margrete Laland, Asle Nerås, Ola Grødem, Anton Barane, Karen Sofie Pedersen, Bjørg Ree, Arve Aleksander Tegle, Norve Hegdal, Audun Nedrebø, Ruth Høyland, Leif Høyland, Arne Bjørn Høyland, Klara Skjerpe (Eiganes), Solveig Kristensen

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL begravelsesbyrå
DØGNVAKT
51 97 29 00
Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger
STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no



**Støttegruppe ved samlivsbrot**
Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74

Begravelsesbyrå
Obed Bryne
Begravelsesbyrå
www.obed.no
tlf: 51 77 80 80
24-timers vakttelefon
Skulegata 9, 4340 Bryne



TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?
Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no
SOS
22 40 00 40
SOS
CHAT





**Søndag 11. desember 3.s. i advent** — **Matt 35,1-10**
Lye forsamlingshus kl 10.30 Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkjekl kl 10.30 Gudst. Dåp. Nattverd. Søndagsskule
Bryne kyrkje kl 11.00 Familiegudst. ("Fest i Guds rike". Sjå side 19)

**Søndag 18. desember 4. s. advent** — **Luk 1,46-55**
Time kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Lye forsamlingshus kl 16.00 Gudsteneste

**Gudstenester jul, nyttårsaftan og nyttårsdag står på baksida av bladet**

**Søndag 8. januar Kristi openberringsdag** — **Matt 2,1-12**
Lye forsamlingshus kl 10.30 Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkje kl 10.30 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Søndagsskule
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudst. Nattverd. Misjonsvindu. Jungelgjeng
Bryne kyrkje kl 18.00 Søndagstreff. Arr. er tilrettekagt for menneske med utviklingshemming

**Søndag 15. januar 2. s. i op.** — **Matt 3,13-17**
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Time kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp
Time kyrkje kl 19.00 Minnegudsteneste

**Søndag 22. januar 3. s. i op.** — **Joh 2,1-11**
Lye forsamlingshus kl 10.30 Gudsteneste. Dåp
Undheim kyrkje kl 10.30 Gudsteneste. Dåp. Søndagsskule
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

**Søndag 29. januar 4. s. i op.** — **Luk 18,35-43**
Time kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Nattverd. Tårnagentar
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd
Bryne kyrkje kl 19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd.

**Laurdag 4. februar**
Time kyrkje kl 15.15 Dåpsgudsteneste

**Søndag 5. februar 5. s. i op.** — **Mark 2,1-12**
Lye forsamlingshus kl 10.30 Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkje kl 10.30 Familiegudst. Dåp. Nattverd. Tårnagentar
Bryne kyrkje kl 11.00 Familiegudsteneste. Dåp

**Søndag 12. februar Såmannssøndagen** — **Luk 8,4-15**
Time kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Jungelgjeng
Bryne kyrkje kl 18.00 Søndagstreff. Arr. er tilrettekagt for menneske med utviklingshemming

**Søndag 19. februar Kristi forklaringsdag** — **Matt 17,1–9**
Lye forsamlingshus kl 10.30 Gudsteneste. Dåp
Undheim kyrkje kl 10.30 Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd

**Søndag 26. februar Fastelaven** — **1. Kor 13,1–7**
Bryne kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Time kyrkje kl 11.00 Gudsteneste. Nattverd

Velkomen til
gudsteneste

**Skyss til gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**
Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

**Ring før kl 10.00**









# Til kyrkje - jul og nyttår





Jula er den store kyrkjehøgtida her i landet
I Time er det råd å koma til kyrkje mange gonger i julehelga

| **Julaftan 24. desember** | | **Luk 2, 1–20** |
|---|---|---|
| Bryneheimen | kl 10.00 | Gudsteneste |
| Sivdamheimen | kl 11.00 | Gudsteneste. Kulturskuleelevar deltek |
| Bryne kyrkje | kl 14.15 | Familiegudsteneste. Jungelkoret |
| | kl 15.45 | Familiegudsteneste. Rosseland skulekorps |
| | kl 17.00 | Gudsteneste. Sindre Øgaard, song |
| Time kyrkje | kl 14.30 | Familiegudsteneste. Instrumentalistar og songsolistar frå Kulturskulen. Løvegjengen ber inn julekrubba |
| | kl 15.45 | Familiegudsteneste. Trompet: Glenn Rugland. Solosong: Elise Vinsevik, Judith Aarsland |
| | kl 17.00 | Gudsteneste. Solosong: Signe Irene Time |
| Undheim kyrkje | kl 14.30 | Familiegudsteneste. Fam. Jonassen, Jæren Showblås Trompet: Kåre Sigurd Undheim Solosong: Eline Ødegård Egeland |

| **1. juledag 25. desember** | | **Joh 1, 1–14** |
|---|---|---|
| Bryne kyrkje | kl 12.00 | Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Songarar og instrumentalister |
| Time kyrkje | kl 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Dåp. Trompet: Åse Hobberstad Hetland Solosong: Randi Grødem. Fløyte: Siri Heggheim |



| **2. juledag – Stefanusdagen** | | **Matt 2, 16–23** |
|---|---|---|
| Undheim kyrkje | kl 10.30 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd |

Alle gudstenestene i jula er fylte av song og musikk. Me høyrer og syng dei kjende og kjære songane og får møta  nyare songar med eit anna språk i tekst og tone.
Julaftan  er gudstenestene i Bryne og Time noko ulike. Dei to første er tradisjonelle julaftan-gudstenester med barna i fokus. Den siste gudstenesta er meir til stille ettertanke. Her er mykje song og musikk, og preika er meditativ. Dette er  gudstenesta for dei som ynskjer å gå eit steg ut av travelheita.
Parkering. Ved Bryne kyrkje vert det fort kaos. Fint om me kan praktisera einvegskøyring.
Køyr inn ved Solberg elektriske og ut om Shellstasjonen. Ikkje blokker vegen.
Lytt til parkeringshjelparane.
Det er begrensa parkering ved Bryne kyrkje grunna utbygging på Solhøgda.
Julaftan kan de nytte parkeringsplasser på hovudparkeringsplassen til M44 (nede ved inngangen til OBS). Etter kl 14.00 er det og gratis å parkere ved kinoplassen.



| **Nyttårsaftan 31. desember** | | **Luk 13, 6-9** |
|---|---|---|
| Bryne kyrkje | kl 23.15 | Midnattsmesse |
| Undheim kyrkje | kl 22.45 | Midnattsgudsteneste |



| **Nyttårsdag 1. januar** | | **Luk 2, 21** |
|---|---|---|
| Time kyrkje | kl 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Nattverd |

***God jul og godt nytt år i heim og kyrkje!***

www.jprint.no